

RAPPORT 2007

OPERAGALLATURNÉ 2.-4. mars 2007

I dagane 28. februar – 4. mars gjennomførte Opera Nordfjord den fjerde operagalla- turnéen sidan den første i 2002. Orkestermusikarane var samla til øving onsdag, torsdag og fredag, og dei tre konsertane var på følgjande stader:

Fredag 2. mars: Aulaen, Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid

Lørdag 3. mars: Førdehuset, Førde

Søndag 4. mars: Parken Kulturhus, Ålesund

Song-solistane var sopranen **Elizabeth Norberg-Schulz** og den italienske tenoren **Luca Canonici**. I tillegg var det unge fiolintalentet **Madelen Berg (15)** solist i ”Meditation” frå Thais av Massenet når ho sat i orkesteret.

Orkesteret på 37 musikarar var leia av dirigent Michael Pavelich og var samansett av distriktsmusikarar, frilansmusikarar, musikk lærarar og unge musikk talent frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre, samt frilansmusikarar frå Norge, Sverige og Tsjekkia.

Ensemblet spelte stort sett for fulle hus, med i alt 1150 tilhøyrarar fordelt på 3 konsertar.

Solistane heldt sjølvstøtt eit svært høgt nivå, og det profesjonelle orkesteret fekk særst gode tilbakemeldingar for sitt høge kunstnariske nivå. Alle konsertane fekk ei fantastisk mottaking hos publikum.

OPERA WORKSHOP 30.06.- 08.-07.

Nordfjord International Opera Workshop vart arrangert for andre gang på Nordfjordeid i perioden 30.06.-08.07. 2007 med **Elizabeth Norberg-Schulz** som hovudlærer og kunstnarisk ansvarleg. Vi hadde 14 deltakarar frå 6 forskjellige land; 13 songarar og ein pianist. I tillegg til Norberg-Schulz, som underviser i song, hadde vi engasjert pianisten **Sergio Oliva** frå operaen i Roma, som underviste i vokal- og piano coaching og **Olaf Eggestad** som repetitør.

I løpet av kursdagane fekk deltakarane dagleg undervisning med begge lærarane, med 2 x 3 t undervisningsøktar kvar dag.

Vi arrangerte tre konsertar i løpet av kurset:

Meisterkonsert i Eid Kyrkje 3. juli med Elizabeth Norberg-Schulz, pianistane Sergio Oliva, Olaf Eggestad og Sonomi Harada og fem av song-studentane

Intimkonsert 4. juli på Hotell Alexandra i Loen med alle deltakarane

Operagallakonsert 7. juli i Eid Kyrkje med alle deltakarane

Vi ser at det er eit stort behov for denne type kurs i Norge og er svært nøgde med å ha knytt til oss framifrå lærekrefter frå det internasjonale operamiljøet. Hovudfokus er på Bel Canto- teknikk og – interpretasjon og –repertoar.

Opera Nordfjord er svært nøgd både med gjennomføring av kurset og mottaking av kurset blant kursdeltakarar, lærarar og publikum. Det er eit viktig undervisningstilbod til songarar og pianistar, og det utgjer eit flott kulturtilbod til både lokalt publikum og tilreisande turistar.

Styret ønskjer å vidareutvikle kurset og satsar på å halde årlege kurs i åra framover. Ei veke, som i 2007, var kanskje i knappaste laget, så med to veker det første året vil vi for 2008 legge opp til eit kompromiss med 10-dagars kurslengd.

RAPPORT JEGERBRUDEN 2007

Opera Nordfjord sin hovudproduksjon i 2007 var den tyske operaen ”Jegerbruden” av Carl Maria von Weber, med premiere 10.oktober og øvrige forestillingar 12.10., 13.10., 15.10., 17.10., 18.10., 20.10. og 21.10. Denne operaen er svært sjeldan oppsett her i Norge; Den Norske Opera har aldri sett den opp, medan både Operaen i Kristiansund og Ringsakeroperaen sette den opp på 1970- og 1980-talet. Det er ein tradisjonell ”jegeropera” med element frå hjortejakt både i scenografi, rekvisittar og musikalske tema.

Regissør og scenograf var Jiri Nagy frå Tsekia, busett i Ørsta på Sunnmøre. Vi hadde eit framifrå samarbeid på alle område med ein svært dyktig, hyggelig, fleksibel og inkluderande regissør, som skapte ein svært god atmosfære under heile prøveperioden. Regiassistent og inspisient var Karen Løken, som til alle tider hadde full kontroll på alt og alle!

På rollelista hadde vi følgjande solistar: **Cecilia Linwall** (Agathe), sopran, **Vibeke Kristensen** (Ännchen), sopran, **Jan-Erik Fillan** (Max), tenor, **Trond Gudevold** (Kaspar), bass/baryton, **Anders Vangen** (Kuno), bass, **Kristian Anderssen** (Ottokar/Killian), baryton og **Knut Stiklestad** (Eremitten), bass.

Profesjonelle designarar utgjer ein viktig del av staben vår, og med **Anne Gotaas** som kostymeansvarleg, **Svein Roald Knudsen** som lysdesignar og **Kati Sjøgren** som maskør var våre frivillige medarbeidarar i samtlege arbeidsgrupper i svært trygge hender. Ein spesiell ros til rekvisitør **Sigrunn Leivdal**, som igjen skapte gull av gråstein og hadde åleine-ansvar for alle rekvisittar!

Operakoret var samansett av lokale amatørsongarar frå heile Nordfjordregionen, m.a. Stryn, Gloppen, Vågsøy og Eid. Svært gledeleg var det at fleire unge jenter i alderen 14-18 år var med i koret og med det legg grunnlaget for god rekruttering i åra framover.

Operaorkesteret, dirigert av **Michael Pavelich**, besto som vanleg av distriktsmusikarar, musikk lærarar og unge musikk talent frå vårt distrikt, samt frilansmusikarar frå frilansmarknaden elles.

For tredje år på rad hadde Opera Nordfjord eit godt og svært vellukka samarbeid med **Eid**

Vidaregåande Skule, avdeling Interiør og Utstillingsdesign om produksjon av kulissar og rekvisittar. Scenograf Nagy hadde allereie i slutten av april ferdige arbeidsteikningar, noko som letta arbeidet i og med tidleg planlegging og sikra god arbeidsfordeling mellom skulen og det øvrige dagnadsapparatet. Scenografien var svært omfattande, med bygging av store element/plattformer og all dekor, men elevar, lærarar og frivillige løyste oppgåva på ein utmerkt måte.

Nytt av året var at vi tok i bruk multi-media-teknikkar for å få nye, scenografiske løysingar. Ein videoprojektor i taket sytte for spennande effektar på scena gjennom bilet- og videoopptak, som vart projisert på store, kvite stoff-flater. Såleis fekk ein fram dei overnaturlige og ”magiske” elementa, som er så viktige i nettopp denne operaen.

Kostymene vart innkjøpte frå Teatret i Brno, Tsjekkia, av regissøren, og med god hjelp av kostymeansvarleg Anne Gotaas og nokre nye kostyme og ein del ekstra detaljar vart det ein flott kostymeproduksjon!

”Jegerbruden” vart godt motteken av publikum, og spesielt vart den spennande scenografien kommentert av fleire publikummararar. Besøkstalet var ikkje 100% tilfredsstillande, men med om lag 2600 selde billetter av totalt 2800 sikrar det eit publikumsbelegg på ca. 92%. Det får vi vel vere nøgde med!

På grunn av eit betydeleg underskot på hovudproduksjonen i 2006 var styret i Opera Nordfjord særleg oppteken av streng økonomistyring i 2007 for å tene inn igjen underskotet. Med eit mindre underskot på operagallaturnéen i mars og ein opera workshop omtrent i balanse var det gode nyheiter at totalrekneskapen for 2007 syner eit overskot på ca. 205.000 kr!

Konklusjon

Det er første gong Opera Nordfjord har tre produksjonar på eit år, og vi er stolte over å ha gjennomført både operagallaturné med Elizabeth Norberg-Schulz og Luca Canonici med tre konsertar i mars, Opera Workshop i juni-juli med Elizabeth Norberg-Schulz og Sergio Oliva og full produksjon av Jegerbruden i oktober med eit betydeleg overskot som resultat. Med løvna om ein vesentleg auke både frå stat, fylke og kommune for 2008 skulle tilhøva ligge godt til rette for tilnærma heilårsaktivitet med rom for nye aktivitetar i åra som kjem.

Nordfjordeid, den 07.03.08

Kari Standal Pavelich
Operasjef, Opera Nordfjord